



Marit Langballe er fornøgd med salet gjennom Rabben

Martabu på Sandakaien vart ikkje opna i år og difor vart det fyrst på sommaren ikkje noko brødsal i helgene i sentrum. Men frå midten av juli fekk Rabben Feriesenter denne rolla og Magne Heggøy kan melda om godt sal av bakverk som Marit Langballe har steikt i spesialomnen sin på Skorpo.

Då punktum vart sett no onsdag var det selt brød og andre bakervarer for 5000 kroner på onsdagar og sundagar. Og både Marit og Magne Heggøy på Rabben vil gjerne satsa att på dette også neste år. Kanskje vert det sal allereie i påska

Marit har produsert både urtebrød, vanleg brød, rundstykkjer og paiar

for dette salet og ikkje berre Rabben-buarar men også folk i dalen har kjøpt produkta.

Rabben har etter kvart fått litt av kvart i kiosken, til dømes den nye klatreføraren som no er fylt opp etterat lageret vart raskt tomt.

Heggøy fortel ellers at det slett ikkje er slutt på sesongen - det er faktisk fullt i 2 veker til. Han er ikkje minst full av ros til ungdommane frå Sveits som var eit svært positivt bekjentskap og som til og med forlenga opphaldet sitt

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen